



<b>L</b>	<b>Legge til</b> (innhald, struktur, språk) <ul style="list-style-type: none"><li>• skrive sentrale delar av teksten (innleiing/avslutning)</li><li>• skrive fleire kortare poeng eller heile avsnitt</li><li>• bruke fleire faglege uttrykksmåtar og fagomgrep</li><li>• bruke fleire eksempel</li><li>• bruke tekstbindarar</li><li>• bruke relevante kjelder.</li></ul>
<b>O</b>	<b>Omorganisere</b> (innhald, struktur, språk) <ul style="list-style-type: none"><li>• flytte på poeng eller avsnitt</li><li>• variere setningsstruktur</li><li>• omorganisere logiske resonnement</li><li>• vurdere kva som skal først og sist i teksten, først og sist i avsnitta, først og sist i setningane.</li></ul>
<b>S</b>	<b>Slette/stryke</b> (innhald, struktur, språk) <ul style="list-style-type: none"><li>• ta bort overflødige poeng som ikkje svarer på oppgåva</li><li>• ta bort resonnement som ikkje blir fullført</li><li>• ta bort eksempel som ikkje er relevant</li><li>• ord og formuleringar som er upresise</li><li>• munnlege fyllord, som jo, vel, så, nok.</li></ul>
<b>E</b>	<b>Endre/erstatte</b> (innhald, struktur, språk) <ul style="list-style-type: none"><li>• endre innleiing og avslutning, slik at dei heng saman</li><li>• endre poeng som er berre delvis relevant</li><li>• finne best mogleg eksempel</li><li>• arbeide med presisjon på innhaldsmessige poeng</li><li>• fullføre ufullstendige resonnement</li><li>• vurdere og justere ordval</li><li>• vurdere om kjeldene er truverdige og relevante.</li></ul>